

MØTEBOK

Blad 1

Organisasjon:	Styre, råd, utval m. v.:	Møtestad:	Møte dato:
Nordfjord IUA	IUA - Utvalet	Havnekontoret - Måløy	10.03.2015

Fylgjande møtte:

Jarle Dragesæt
Kim Hjelle
Ståle Hatlelid
Sølve Oldeide
Leo Cirotzki

Stryn kommune
Vågsøy kommune (forlot møte kl.12:00)
Hornindal kommune
Vara for Trond Einar Garshol / Møteleiar
Elkem Bremanger

Meldt forfall:

Trond Einar Garshol
Tormod Hvattum

Leiar IUA
Nestleiar IUA

Møtet lovleg satt kl: 10:00.
Ingen merknadar til innkalling.

Møteleiar ønskte velkommen og informerte Utvalet om ønske frå andre inviterte om å få innkalling til møte samtidig med Utvalet. Ståle Hatlelid foreslo at Nordfjord IUA lagar ein møtekalender. Sekretariatet tar dette til orientering.

Referat saker:

SKL kurs - Sandane:

13 nye skadestads leiarar er kursa. Totalt disponerer Nordfjord IUA 29 personar som er kursa i skadestads leiing.

IKLØ - Eid/Måløy.

Godt gjennomført opplegg av Kystverket. Gode tilbakemeldingar frå deltakarar. Kystverket gav og gode tilbakemeldingar til Nordfjord IUA sitt stabsarbeid.

RITS - Eid.

Flott initiativ frå Eid brannvesen der Øyvind Nilsen frå RITS i Ålesund heldt eit flott foredrag. Aktuelle utfordringar som brann i hurtigruteskipet Nordlys og forskning skipet Akademik Lazarev var tema. Nordfjord IUA bidrog økonomisk med kr. 9850,- til foredraget.

IUA leiarsamling.

Samling i Skien - IUA Telemark. Aktuelle tema var «Lanner» aksjonen, CIM støtteverktøy til kriseleiing, inter regionalt IUA samarbeid og juridiske utfordringar for IUA. Leiar Trond Einar Garshol og Sølve Oldeide deltok på samlinga.

Kystverkets tildeling.

Kystverkets tildeling av utstyr er i ferd med å bli ferdigstilt. Arbeidsbåt/lekter med 25 hk motor på hengar blir sendt frå Bodø denne veka. Utstyret blir lagra i Stryn saman med anna utstyr frå Kystverket. Sekretariatet sender ut informasjon/spesifikasjon for utstyret til medlemskommunane.

Organisasjon:	Styre, råd, utval m. v.:	Møtestad:	Møte dato:
Nordfjord IUA	IUA - Utvalet	Havnekontoret - Måløy	10.03.2015

Sak 01/15 Gjennomgang av foreløpig rekneskap for 2015.

Møteleiar orienterte om dei enkelte postane i rekneskapen.

Resultat for 2014 ser ut til å bli eit overskot på omkring kr. 120 000,-

På kontoen for innkjøp av utstyr står der om lag 45 000,- att i forhold til budsjettet.

For kontoen kurs og øvingar var der i 2014 tilført ekstra midlar til ein NOFO fullskalaøving (200 000,-) samt IKLØ over to dagar der Kystverket tok kostnadane. Budsjett posten «kurs og øvingar» er derfor ikkje belasta i den grad som øvings mengda for 2014 viser.

Leo Cirotzki viser til kursa personell oversikt der det tydeleg kjem fram kva kompetanse regionen no har tilgjengeleg ved behov. Oppfordrar sekretariatet til be om «investeringsforslag» frå den einskilde kommune for å kunne nytte gjere seg av allereie godkjente årsbudsjett i framtida.

Jarle Dragesæt ønskjer at ein skal halde same øvingsnivå også for komande år.

Ingen av Utvalets medlemmar hadde merknadar til rekneskapen for 2014.

Vedtak:

Utvalet tek rekneskapen til etterretning og vil innstille ovanfor Årsmøte å ikkje endre årlege kostnader for medlemskommunane.

Vedtaket vart einsstemd godkjent.

Sak 02/15 Kurs og øvingar 2015.

Stryn brannvesen vil i haust legge til rette for øving med Boombag samt gjennomgang av Kystverkets utstyr som er på lager i Stryn. Vil også ha fokus på nylig tilført fartøy/arbeidsplattform.

Ein ser for seg at alle medlemskommunar i IUA får anledning til å delta.

Vågsøy brannvesen vil og øve Boombag i haust.

Ståle Hatlelid meiner IUA kunne laga ei øving saman med kriseleinga i ei kommune. Dette fordi det er truleg at både IUA og kommunal kriseleing vil etablerast ved større hendingar.

Bremanger kommune sitt spørsmål om skarp kjemikalieøving vil bli nærare undersøkt. Kim Hjelle kontaktar Ålesund brannvesen som reklamerar for liknande kurs på si heimeside. Ein ser og at fleire kommunar innan Nordfjord IUA har liknande utfordringar.

Utvalet ønskjer KLA kurs til følgjande: Leo Cirotzki - Petter Bakke - Arne Mykland - Sigurd Muldsvor. Sekretariatet sender påmelding om kursplass til hausten.

Pause frå 11:30-12:00

Sak 03/15 Innkjøp av utstyr.

Ved gjennomgang av innkjøp var der einighet om at to antenner for AIS signal blir kjøpt inn for montering i Selje og Gloppen kommuner. I tillegg vil Bremanger kommune bli kontakta for oversikt over dekningsområde i Nordgulen.

Magnet blir kjøpt inn til Boombag tilhøyrande Nordfjord IUA. For Boombag som er i Kystverkets eige vil sekretariatet i første omgang søke Kystverket om støtte til innkjøp, før Nordfjord IUA eventuelt sjølv går til innkjøp av desse.

Organisasjon:	Styre, råd, utval m. v.:	Møtestad:	Møte dato:
Nordfjord IUA	IUA - Utvalet	Havnekontoret - Måløy	10.03.2015

Tetteutstyr som fleire IUA'er har kjøpt var interessant for Utvalet. Leo Cirotzki vil forsøke å delta på AllMaritim's temadag i Bergen 29.mai. Om Tank Sealer Kit svarar til Utvalets forventning vil der bli bestilt eit sett i år for testing før slike eventuelt blir kjøpt inn til alle kommunar neste år.

Bark og Absol er forbruksmateriell som der alltid vil være behov for. Utvalet ser positivt på å sende ein pall til kvar av medlemskommunane.

Jarle Dragesæt informerte om at Stryn kommune kjøpte inn eiga satellitt antenne for fast montering i kommune huset. Antenne som følgde med satellitt telefonen får ikkje kontakt om ein er innandørs, og alle kommunar bør derfor ha ei slik antenne montert der kriseleiinga samlast. Pris for ei slik antenne er om lag 5000,- eks mva.

Vedtak:

Utvalet instiller om følgande innkjøp:

2 ais antenner for montering i Selje og Gloppen kommuner. (ev. 1 ekstra om behov i Nordgulen)

2 magnetar til Nordfjord IUA's Boombag. (4 stk om Kystverket ikkje kjøper til eige materiell)

Miko Tank Sealer Kit blir nærare undersøkt, og 1 sett blir kjøpt inn om det svarar til forventning.

Bark og Absol tilførast kommunane ved behov. (1 pall av kvar.)

8 fast-antenner for satellitt telefon, til alle medlems kommunar samt sekretariat/SIM.

Vedtaket vart einsstemd godkjent.

Sak 04/15 Eventuelle tilkomande saker - Projectplace.

Leo Cirotzki ser at ein bør ha tilgang til Projectplace for å kunne øve utanom skarpe hendingar og ein «table-top» øving i året.

Ønsker derfor at Utvalet ser på moglegheit for å kjøpe permanent tilgang til Projectplace.

Møteleiar informerte om at det allereie er innhenta pris frå Projectplace og at dette sett frå sekretariatets side var for kostnads krevjande.

Tilbodet frå Projectplace for 20 brukarar i eit år var satt til kr. 60 000,-

Erfaringa frå «Øvelse Samhandling» var at kostnad for Projectplace var i underkant av kr. 5000,-

Ein vil derfor nytte seg av Projectplace ved behov. Utvalet var einige i sekretariatets vurdering.

Møtet avslutta kl.12.55.

Måløy, 13.03.2015.

Sølve Oldeide
Møteleiar